



Det kongelige landbruks - og matdepartement

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
13/1384 -4		Karen Weichert	57 69 82 29	04.02.2014

Høyringsinnspel til forslaget om å oppheve bestemmelsen om priskontroll i konsesjonsloven

Vik formannskap vedtok i møtet 30. januar 2014 å gje fylgjande innspel til Landbruks- og matdepartementet:

Vik kommune ser på endringsforslaget til Landbruks- og matdepartementet som ei viktig sak for kommunen og ynskjer difor å sende eit høyringsinnspel til departementet.

Vik kommune tilrår at det blir gjennomført ein detaljert konsekvensutgreiing før ein tek vekk priskontrollen.

Det som m. a. må utgreiast er:

- Har priskontrollen verkeleg så lite å sei for den generelle prisutviklinga?

Erfariningane frå Vik kommune tyder på det motsette, dvs. at priskontrollen i dag har ein funksjon som går langt ut over dei konkrete sakene der det blir føreteke priskontroll på. Priskontrollen påverkar gjennom sin eksistens generelt taksering av landbrukseigedomar og prisnivå ved sal eller overtaking av landbrukseigedom innan familien. I samband med dette er det mange familiar som spør kommunen om råd.

- Vil det å fjerne priskontrollen verkeleg føre til auka kapitaltilgang i landbruket?

Det er ikkje unsannsynleg at prisane for landbrukseigedom aukar når priskontrollen blir fjerna. Men dei som sel eigedomane er på veg ut av landbruket som næring, og kapitalen vil såleis gå same vegen. Mange av dei som kjøpar landbrukseigedomane vil derimot sitje att med ei større gjeld og dermed dårleg tilgang til kapital for nyinvestering. For å kompensere for dette måtte inntekta i jordbruket auke tilsvarande.

- Vil det å fjerne priskontrollen verkeleg føre til betre rekruttering innan landbruket?

Høgare prisar vil gjere det vanskelegare for unge folk til å ta over eller kjøpe gardsbruk for vidare landbruksdrift. Sidan dei som regel ikkje er så kapitalsterke må dei låne større summer og starte drifta med ei stor gjeld. I familiar med fleire søsken vil det bli sett press på for å setje ein høgare salspris ved overtaking, slik at søskena som skal ha sin del av arven kan få ein større kompensasjon.

Aktive landbruksinteresserte som skal bidra til den langsiktige gode ressursforvaltninga i landbruket er sjeldan i blant dei kapitalsterke kjøparane.

- Vil det å fjerne priskontrollen verkeleg føre til auka sal av tilleggsjord og investeringslyst?

Vik kommunen vurderer det slik at det kan føre til ei lita auke i sal av tilleggsjord, men truleg i større grad til ei auke i leigejord. Kjøparar med mykje kapital og lite interesse i gardsdrift vil ikkje ha behov for å selje jord og vil mest truleg velje å leige det til andre i staden. Mykje leigejord er generelt uheldig for jordbruket pga. at leigetakarane som regel ikkje har same engasjementet som eigarane med tanke på vedlikehald av jordbruksarealet og betringstiltak. Resultatet er låg investeringslyst på begge sider: Leigetakarane brukar som argument mot investering at dei ikkje eig arealet og synest tiltak er opp til eigaren. Eigarane brukar som argument at dei ikkje brukar arealet sjølv og såleis ikkje har direkte nytte av investeringane. Manglande investering er resultatet.

Sjansen for å få att det ein har investert ved sal av eigedomen er kanskje større utan priskontroll. Men er kjøpekrafta i landbruket stor nok til at dette kan bli realitet?

- Vil det å fjerne priskontrollen støtte målsetjinga om å auke matproduksjonen i Noreg?

Høgare prisar vil gjere det meir truleg at kapitalsterke kjøparar utanfor landbruket ervervar jordbrukseigedom. Ei eventuell seinare fjerning av buplikta og driveplikta vil fremje denne utviklinga ytterleg. Slike kjøparar vil truleg ikkje vere interesserte å drive eigedomane sjølve. Bruksområde som sal/bruk av jaktrettar og hyttebygging vil då vere meir attraktiv. Dette kan føre til ei storskala tap av matjord og ein stor auke i leigejord.

Det er som regel dei største og beste landbrukseigedomane som er omfatta av priskontrollen i dag. Sjølv om det dreier seg om få saker i løpet av eitt år kan dette ha mykje å sei med tanke på arealstorleik og dei beste areala for matproduksjon.

Med så mange usikre moment vurderer Vik kommune det slik at ei betre utgreiing av konsekvensane er naudsynt før ein eventuelt tek vekk priskontrollen. Kommunen synest også at det er uforsvarleg å setje ei ordning ut av drift, slik det er gjort i brevet frå departementet 4.12.13 (Praktisering av priskontrollen), før saka er utgreidd og ei eventuell lovendring er vedteke i Stortinget.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

Karen Weichert
Rådgjevar plan og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift